



Kyrkjerådet

Brattvåg 14.04.2014

Vår sakshandsamar: JGdeP  
Vår ref.: 14/00005-001  
Arkivkode: 410

## Høyringsuttale om kyrkjebygg

Denne høyringsuttalen tek for seg kapittel 8 i dokumentet «Høring om kirkebygg», som er sendt ut frå Kyrkjerådet til mellom anna fellestråda til uttale. Kapittelet har tittelen: «Problemstillingar ved nedleggelse, utleie og salg av kirkebygg.»

Det er prisverdig at Kyrkjerådet tek tak i dette problemfeltet, ettersom det dessverre kan vise seg å verte meir og meir relevant i tida som kjem. Og som Kyrkjerådet sjølv påpeikar i sitt dokument, er det òg svært uklart kven som sit med mynde til å avgjere ein del av spørsmåla som naturleg kjem opp i dette problemfeltet. Haram kyrkjelege fellestråd ønskjer å peike på følgjande problemfelt som treng nærmare diskusjon og avklaring:

### ***Trong økonomi og fordeling av mynde og ansvar***

Ein kan tenkje seg ein svært aktuell problemstilling, som omtrent ikkje vert diskutert i høyringsdokumentet, når det gjeld framtidig vurdering av stenging/nedlegging av kyrkjer: trong økonomi hos fellestrådet. Fleire og fleire fellestråd må stadig stramme inn på grunn av trong økonomi. Det er ikkje mange måtar for eit fellestråd å kutte i utgiftene på. Eitt aktuelt tiltak kan vere å stenge ei eller fleire kyrkjer, for kortare eller lengre tid. Midlertidig stenging av ei kyrkje sparar utgifter til straum og løn. Permanent stenging/avhending vil òg spare utgifter til eigedomsavgifter og vedlikehald.

Etter dagens kyrkjelov er det, i følgje høyringsdokumentet, soknerådet, ikkje fellestrådet, som eventuelt skal vedta nedlegging av eit kyrkjebygg. Likevel er det i følgje kyrkjelova ikkje høve, korkje for soknerådet eller fellestrådet, til å stenge ei kyrkje, så lenge det er forordna gudstenester der. Slik det er i dag, er det altså ikkje høve til å stenge ei kyrkje på grunn av trong økonomi. For så lenge biskopen har pengar til prest i kyrkja og har forordna gudstenester der, *må* det haldast gudstenester der.

Men det er lite hjelp for fellestrådet i å klamre seg til biskopen sitt forordna tal på gudstenester i ei kyrkje, når biskopen ikkje stiller med pengar til drifta. Midlar til drift skal jo kome frå kommunen, men frå kommunen får vårt (og dei aller fleste) fellestråd berre ein samla pott. Denne potten vert ikkje justert etter fellestrådet sine behov eller talet på gudstenester, slik det så utopisk heiter i kyrkjelova § 15: «kommunen utreder utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellestråd.» Potten vert heller årleg justert opp etter konsumprisindeksen, lønsvæksten eller økonomiplanen. Eller oftare og oftare heller kutta ned på, på grunn av kommunen sitt behov for å spare.

Dermed sit fellestrådet att med svarteper og må åleine ta støyten med å finne måtar å spare på. Her kjem dessverre stenging av kyrkjer inn som eit aktuelt alternativ. Og her kan det altså verte eit misforhold mellom biskopen sitt forordna tal på gudstenester og den økonomiske kapasiteten til fellestrådet. Det forordna talet på gudstenester er (i alle fall i Møre) fastsett etter talet på prestestillingar og prestane sine tariffavtalte frihelger: 45 helgegudstenester per heile prestestilling. Gudstenestetallet er *ikkje* fastsett etter resten av føresetnadane som trengs for ei gudsteneste: kyrkjetenar, organist, straum, vedlikehald, osv... Fellestrådet

kan dermed kome i den situasjon at det ikkje har råda til å stille med kyrkjetenar, organist og straum til dei forordna gudstenestene, sjølv om presten sit klar.

Men denne floka er ikkje lett å løyse, slik ansvarsforholda er i dag. Det gjer det svært vanskeleg og krevjande at det er éin instans, biskopen, som forordnar; ein annan instans, fellesrådet, som driftar og prioriterer; ein tredje instans, kommunen, som finansierer; men ein fjerde instans: soknerådet, som eventuelt skal ta avgjerda om stenging av kyrkja. Ein treng ikkje vere jurist for å forstå at dette ikkje går i praksis.

Sett frå fellesrådet si side, vert altså problemstillinga: kva skal det gjere når det ikkje har pengar nok til å drifte ei kyrkje i følgje forordninga? Biskopen si forordning tek jo ikkje omsyn til fellesrådet sin økonomi. Og vis meg det soknerådet som frivillig tek initiativ til å få lagt ned kyrkja si. Ingen, korkje fellesråd eller sokneråd, ønskjer å leggje ned ei kyrkje. Men kva gjer vi viss det likevel er nødvendig?

### ***Kven eig kyrkjene?***

I høyringsnotatet og i vedlegget til kapittel 3, vert spørsmålet kring kompetanseforhold og eigarskap av kyrkjene diskutert. Det vert konkludert med at det i følgje kyrkelova er soknet ved soknerådet som eig kyrkjene og dermed har kompetanse til eventuelt å leggje ned (avhende) ei kyrkje, så sant ikkje kyrkjene eigast av sokna i fellesskap, som eit sameige. Då er det i så fall fellesrådet, som organ for sokna i fellesskap, som er eigar av kyrkjene.

Eigarskap av kyrkjer i Norge i dag, slik det er fastsett i grunnboka, varierer sterkt. Nokre stader, som i Haram, er alle kyrkjer og kyrkjelege eigedomar framleis registrert med kommunen som eigar. I andre kommunar er det fellesrådet som står som eigar, og atter andre stader er det dei einskilde sokneråda. Sidan kommunane før 1997 hadde ansvar for drift av og tilsette i Den norske kyrkja, har kommunane ofte stått oppført som heimelshavar for kyrkjelege eigedomar. Ved overføring til kyrkja, slik det er gitt føresegner om i rundskriv V-6/2002, har eigedomane nokre stader vorte overført til fellesrådet, andre stader til sokneråda.

På side 41 i heftet «I soknets eie? Opprydding i kirkelige eiendomsforhold.» utgitt av KA, vert det skildra tre ulike hovudmodellar for korleis eigarforholda av kyrkjene i Norge i dag står tinglyst, som eit resultat av overføring av eigedomane frå kommune til fellesråd/sokneråd. Her kjem det fram at det (litt tilfeldig) somme stader er fellesrådet som står som eigar, andre stader sokneråda. Derfor kjem KA med ei tilråding for korleis dette bør vere, ut i frå «samtalar med departementet»: Under heimelshavar og organisasjonsnummer bør det stå fellesrådet, medan det i friteksten bør stå at heimelshavar (eigentleg) er soknet. Om denne løysinga er oppklarande eller forvirrande gjenstår vel å sjå.

Det verker altså å vere ganske tilfeldig og forvirrande korleis kyrkjelege eigedomar i dag står registrert i grunnboka, om det framleis er på kommunen, om det er på fellesrådet, eller om det er på soknerådet. Dermed blir eit potensielt stort spørsmål, nemleg spørsmålet om eventuell nedlegging av kyrkjer, i stor grad eit resultat av tilfeldigheter. Kven står att med avgjerda? Er det fellesrådet? Er det soknerådet? Og kven avgjer, viss det framleis er kommunen som står som eigar? Her trengs ei klargjering! Mykje meir og tydelegare enn ein juridisk betenkning som kjem i form av eit vedlegg til eit høyringsdokument! Det bør ikkje vere opp til historiens tilfeldigheter om det er fellesrådet eller soknerådet som skal ta avgjerda om eventuell nedlegging av kyrkjer i framtida.

### ***Ingen nasjonale interesser ved nedlegging av kyrkjer?***

Det kan vere fleire årsaker til å vurdere å leggje ned ei kyrkje. Trong økonomi hos fellesrådet har alt vore skildra som ein aktuell årsak. Sviktande frammøte på gudstenester kan òg vere ein årsak. Eller endring i folketal: folka bur ikkje lenger der kyrkja vart bygd. Eller det kan vere mangel på tilsette til å ta seg av oppgåver: ein får ikkje tilsett klokkar, kyrkjetenar, organist eller prest. Eller det kan vere geografiske avstandar til kyrkja. Og her kan sikkert nemnast fleire aktuelle årsaker.

Kva av desse årsakene skal vege tyngst når det vert vurdert nedlegging/stenging av ei kyrkje? Temaet vert dessverre ikkje diskutert i høyringsnotatet, men er like fullt svært aktuelt i fleire kommunar. I Haram har vi 6 kyrkjer, og reknar vel med at dette spørsmålet vil verte aktuelt i nær eller fjern framtid.

Skal ein blande distriktpolitikk inn i denne diskusjonen og tenke at ein særleg må halde på kyrkjene i grisgrendte strom? Skal driftskostnadane vere den viktigaste faktoren? Slik at ein stenger den kyrkja som er dyrast i drift? Skal vernestatus ha noko å seie, eller er éi kyrkje like god som ei anna?

Det verker svært merkeleg at det ikkje er nokon nasjonal debatt om dette temaet. Mange fellesråd opplever at talet på gudstenestader og aktivitetsnivå ikkje står i høve til den økonomien ein har til rådvelde. Men det er ikkje mykje hjelp eller føringar å få når det gjeld det heilt konkrete spørsmålet: viss vi må vurdere å leggje ned ei kyrkje, kva for ein kyrkje skal vi velje?

Det verker som spørsmålet er tabu for både Kyrkjerådet og departementet. Her er svaret at kommunane har plikt til å finansiere drifta til fellesrådet ut i frå det forordna talet på gudstenester. Viss ein vågar seg fram med spørsmålet om kva ein skal gjere viss ein ikkje har nok pengar likevel, er det ikkje svar å få, for dette står det jo ikkje noko om i kyrkjelova.

Kommunane vil heller ikkje blanda seg, for det verste ein kan gjere som politikar må vel vere å leggje ned ei kyrkje. Det vil vere det same som politisk sjølv mord. Kommunen sparkar derfor ballen tilbake til fellesrådet og seier: de må klare å ha ein rekneskap i balanse ut i frå dei løyvingane de får. Korleis de gjer det, er dykkar sak.

Biskopen og Riksantikvaren er òg merkeleg tause. Dei som elles har meiningar om både dette og hint når det gjeld ringeklokker, benkar og alt mogleg anna, står plutselig heilt utan meining når det gjeld spørsmålet: kva for ein kyrkje skal vi stenge.

Dermed vert lokalsamfunnet ståande att med den store avgjerda. Då vert det fort sokn mot sokn, og sokneråd mot fellesråd. Å stenge ei kyrkje vil vere ein svært stor belastning for eit lokalsamfunn. Skal denne avgjerda takast på lokalt nivå åleine, utan føringar eller debatt på regionalt og nasjonalt nivå? Det verker underleg.

For Haram kyrkjelege fellesråd

Jostein Garcia de Presno  
Kyrkjeverje